

Møteprotokoll

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Møtestad: Breheimsenteret, Jostedal

Dato: 19.06.2017

Tidspunkt: 10:00-11:35

Følgjande faste medlemmar møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|-------------------------|-------------|----------------|
| Einar Målsnes | Medlem | Balestrand |
| Oddmund Klakegg | Fung. leiar | Jølster |
| Ivar Kvalen | Leiar | Luster |
| Karen Marie Hjelmeseter | Medlem | Fylkeskommunen |
| Jarle Aarvoll | Medlem | Sogndal |
| Marius Dalin | Medlem | Førde |
| Venke Kollbotn | Medlem | Gloppen |

Følgjande medlemmar meldte forfall:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|----------|-----------|---------------|
| Sven Flo | Nestleiar | Stryn |

Følgjande varamedlemmar møtte:

| Namn | Møtte for | Representerer |
|-------------------|-----------|---------------|
| Kari Synnøve Muri | Sven Flo | Stryn |

Merknader

Oddmund Klakegg fungerte som møteleiar, då styreleiar Ivar Kvalen også deltok på Jotunheimen nasjonalparkstyre sitt møte som gjekk føre seg parallelt. Etter styremøtet var ferdig deltok nasjonalparkstyret på seminar om besøksforvaltning. Dagen etter var styret på synfaring i Krundalen.

Frå administrasjonen møtte:

| Namn | Stilling |
|-------------------|--------------------------------|
| Maria Knagenhjelm | Nasjonalparkforvaltar/sekretær |
| Anne Rudsengen | Statens naturoppsyn |

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

_____Oddmund Klakegg_____ _____Karen Marie Hjelmeseter_____

Saksliste

| Utvals- saksnr | Innhald | Lukka | Arkiv- saksnr |
|-------------------|---|-------|------------------|
| ST 17/17 | Godkjenning av innkalling og dagsorden | | |
| ST 16/17 | Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll | | |
| ST 18/17 | Orienterings- og drøftingssakar <i>Sjå under</i> | | |
| ST 19/17 | Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til bål plass og helikopterflyging i samband med byggearbeid - Sunndalssetra sameige | | 2017/2026 |
| ST 20/17 | Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - rehabilitering av bygning på Sunndalsseter - g/bnr 17/5 - Bukkebu / Jua | | 2017/2029 |
| ST 21/17 | Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til motorferdsel og vedhogst på Bødalsseter 2017-2020 - Bødalen sameige | | 2017/2141 |
| ST 22/17 | Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til tre bygg, uttak av torv, og helikoptertransport til Sunndalssetra - g/bnr 17/3 Andersbruket | | 2017/2023 |
| ST 23/17 | Eventuelt | | |

ST 17/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 19.06.2017

Handsaming i møte

Ingen merknadar til innkalling. Dagsorden på sakane vart noko endra, då styret ønskja at Ivar Kvalen var til stades under handsaminga av dei viktigaste sakane. Oddmund Klakegg hadde ei sak til Eventuelt.

Vedtak

Samrøystes vedteke.

ST 16/17 Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 19.06.2017

Handsaming i møte

Oddmund Klakegg føreslo Karen Marie Hjelmeseter til å underskrive protokollen i lag med møteleiar.

Vedtak

Karen Marie Hjelmeseter vart valt til å skrive under protokollen frå dette møtet i lag med møteleiar.

Samrøystes vedteke.

ST 18/17 Orienterings- og drøftingssakar

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 19.06.2017

Drøftings- og orienteringssakar:

1. NiN-kartlegging i Jostedalsbreen nasjonalpark.
EcoFact vann anbodet hos Miljødirektoratet, og kjem til nasjonalparken for å kartlegge Sunndalen, Austerdalen og Langedalen på Veitastrond, samt Fåbergstølsgrandane. SNO og/eller forvaltar blir med i felt viss kapasitet.
2. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har fått til saman kr 365 000,- i supplerande tildeling frå Miljødirektoratet. Av den summen skal 165 000,- nyttast til utgifter i samband med brukarundersøkinga og 200 000,- skal dekke utarbeiding av rapporten i etterkant av datainnsamlinga.

3. Statusoppdatering på brukarundersøkinga, samt andre tiltak i nasjonalparken. Forvaltaren viste bilete frå dei ulike stadane der kassene er oppsett, til no er 19 kasser sett opp på 17 stader rundt nasjonalparken. Statens naturoppsyn har gjort ein stor og grundig jobb med dette.

4. Vinkelsliping i svaberg - brot på verneforskrifta. Miljødirektoratet avslutta saka etter «miljøerstatningssporet» etter dialog med departementet, og då ønskja heller ikkje nasjonalparkstyret å melde dette til politiet. Styret ønskjer likevel at vedkommande tiltakshavar skal få eit brev med oppmoding om retting. Styret vil også å sende eit brev til Miljødirektoratet om deira oppfølging av aktuelle brot på verneforskrifta.

5. Orientering om den siste kommunikasjonen med Bergen turlag. Gjeld låsing av omn og droneflyging. Bergen turlag leverte avtale om låsing av omnen i tårnet, jf. tidlegare avtale. Styret oppmoda Bergen turlag til å informere om reglane for droneflyging i deira informasjonskanalar.

6. Nasjonalparkstyret i media sidan sist. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har fått mange oppslag om dronar i både Firda, Firda Tidende, Fjordingen og i Sogn Avis, der styret signaliserer ei restriktiv linje mot droneflyging. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre fekk også oppslag i Sogn Avis, Firda Tidende og Fjordingen om brukarundersøkinga, der alle lokale brukarar vart oppmoda om å delta. Det kom artiklar både i papiravis og på nett. Styret ønskjer at framgangsmåten, der ein skriv ei utfyllande pressemelding til avisene, vert nytta også i andre saker styret ønskjer merksemd om.

7. Bachelorstudent frå HVL vil skrive oppgåve om innfallsporten Tjugen. Forvaltar og SNO følgjer opp. Det er i utgangspunktet ikkje sett av midlar til studentoppgåve i år.

8. Møtet i september kolliderer med KS-konferansen. Nasjonalparkstyret bestemte seg for at ny møtedato er 25. september. Møtestaden er i Fjærland.

9. Tre innkomne dronesakar til handsaming. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vil sende eit brev til Miljødirektoratet om behovet for ei revidert og oppdatert verneforskrift, mellom anna for den aukande utviklinga for droneflyging.

ST 19/17 Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til bål plass og helikopterflyging i samband med byggearbeid - Sunndalssetra sameige

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 19.06.2017

Handsaming i møte

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har vore på synfaring på Sunndalssetra, og drøfta fordelan av å ha vore på ein stad når styret skal gjere vedtak.

Ingen merknadar til saka. Samrøystes vedteke i tråd med innstillinga.

Vedtak

I medhald av verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark kap. IV, punkt 5.3, gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til Sunndalssetra sameige v/ leiar Sverre Guddal for å etablere ein bål plass på Sunndalssetra i samband med restaurerings- og bygggearbeid, på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i fire år frå dags dato og ut år 2020.
- Det skal berre brennast reint, umåla og ubehandla trevirke.
- Løyvet gjeld brenning på avtalt lokalisering jf. bilete, men ikkje i så stort omfang at bergknausen i bakkant blir varm og sprekk opp.
- Spiker, skruer og tilsvarande må samlast inn etter kvar gong det blir brent trevirke, slik at det ikkje er til fare for natur, dyr og folk.

Søkjjar har ansvar for at brenninga går føre seg innanfor anna lovverk.

I medhald av verneforskrifta punkt 4.3 gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til Sverre Guddal til lågtflyging og landing med helikopter på Sunndalssetra på følgjande vilkår:

- Max 9 hiv med helikopter med det føremål å frakte material, verktøy og utstyr inn til setervollen i samband med byggeprosjektet, og til frakt av avfall ut att.
- Flyginga skal ikkje skje på laurdagar, søndagar, heilagdagane og på offentlege fridagar grunna omsynet til friluftslivet.
- Flyginga kan gjerne kombinerast med andre transportoppdrag til Sunndalssetra som gjeld frakt av material, utstyr, proviant inn til setra, søppel ut frå setra, eller liknande, men skal halde seg til det løyvde talet turar.
- Dagen før planlagt flyging skal Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen (tlf 95 96 38 88) eller underteikna varslast pr. sms eller telefon.

Flygeløyvet gjeld like lenge som byggjeløyvet, til og med år 2019 (vedtakssak 4/17). Søkjjar må sjølv innhente flygeløyve frå Stryn kommune etter lov om motorferdsel.

ST 20/17 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - rehabilitering av bygning på Sunndalsseter - g/ bnr 17/5 - Bukkebu / Jua

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 19.06.2017

Handsaming i møte

Ingen merknadar. Samrøystes vedteke i tråd med innstillinga.

Vedtak

I medhald av verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, punkt 1.3, første ledd, gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre med dette løyve til Ingolf Folven for rehabilitering av Bukkebu / Jua /Fjosen til G/ bnr 17/5 på Sunndalssetra i Stryn kommune. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Selet blir endra i tråd med søknaden. Det inkluderer utbytting av ev dårlege botnstokkar i selet, endring av takmaterial frå bølgeblekk til torvtekking, kledning på langveggane med liggjande grå eller brun panel, og oppmuring av fundamentet til selet med tørrmura naturstein. Det blir ikkje endra på takvinkel eller takhøgde.

- Dersom vindauget ev skal bytast ut, må det nye være av same storleik og utsjånad.
- Dette løyvet gjeld til og med 1. oktober 2019, men kan forlengjast om naudsynt.
- Alt avfall skal fraktast ut av nasjonalparken. Reint, ubehandla trevirke kan brennast i omnen på selet eller på avtalt plass på setervollen, jf. løyve. Material skal lagrast forsvarleg, og det som ikkje vert brukt skal fraktast ut att av nasjonalparken.

I medhald av naturmangfoldlova § 48 gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til å ta ut torv- og torvmaterial i nærleiken av setervollen til tekking av taket på Bukkebu. Torva skal takast på ein skånsam måte for terrenget og vegetasjonen. Det skal ikkje nyttast frøblandinger eller torv/jord frå andre plasser enn rundt setervollen. Løyvet gjeld også hogging av bjørk på austsida av setervollen for å nyttast til sperr på torvtaket.

I medhald av verneforskrifta punkt 4.3 gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til Ingolf Folven for helikopterflyging til Sunndalssetra på følgjande vilkår:

- Inntil 5 turar/landingar med helikopter med det føremål å frakte material, verktøy og utstyr i samband med byggeprosjektet, og til frakt av avfall ut att.
- Flyging skal ikkje skje på laurdagar, søndagar, heilagdagane og på offentlege fridagar grunna omsynet til friluftslivet.
- Flygetidspunktet må kombinerast med andre transportoppdrag til setra så langt det er mogeleg, og koordinerast av Sunndalssetra grunneigarlag.
- Dagen før planlagt flyging skal Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen (tlf 95 96 38 88) eller forvaltar varslast pr. SMS eller telefon.
- Løyveinnehavar må ta med seg løyvet under ferdsle i tilfelle kontroll, og må føre køyrebok. Motorferdsleløyvet gjeld like lenge som byggjeløyvet.

Søkjjar må også innhente løyve til motorferdsle frå Stryn kommune.

ST 21/17 Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til motorferdsel og vedhogst på Bødalsseter 2017-2020 - Bødalen sameige

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 19.06.2017

Handsaming i møte

Oddmund Klakegg understreka at denne barmarkskøyninga måtte ha ei klår næringsnytte for landbruket. Jarle Aarvoll sa at det var bra denne køyninga fekk eit løyve med vilkår, slik som anna motorisert ferdsle i nasjonalparken, og at likehandsaming at motorferdslesakar var viktig. Forvaltar sa at eit «innkøyning forbode»-skilt skal opp ila sommaren. Styret hadde ingen merknadar til saksutgreiing eller framlegg til vedtak. Samrøystes vedteke.

Vedtak

I medhald av verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark kap. IV, punkt 4.3, 1. og 2. strekpunkt, gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til Bødalen sameige v/ Erik Bødal til motorferdsel til Bødalsseter på følgjande vilkår:

- Inntil 28 turar med motorkøyretøy på barmark i løpet av kvar barmarkssesong frå og med 2017 til og med 2020 med det føremål å frakte gjerdematerial, vedlikehaldsmaterial, hente ut sjuke beitedyr og drive plukkhogst/rydde kratt.
- Den motoriserte ferdsla skal følgje køyresporet fram til der køyresporet stoppar før setervollen, eller varsamt spreidd på innmarka der det trengs for beiterydding og plukkhogst.
- Det skal ikkje køyrast på dagar med mykje nedbør og/eller blaut mark.
- Køyringa bør ikkje skje på laurdagar, søndagar, heilagdagar og på offentlege feriedagar grunna omsynet til friluftslivet.
- Køyringa gjeld for inntil to turar i veka, jf. skjøtselsplanen, men dette kravet kan de sjå bort i frå i travle periodar for husdyrhaldet så fremt sameiget ikkje overstig det totale tal turar ila sesongen.
- Kva grunneigar/husdyreigar har ansvar for å ta med seg kopi av dette løyvet under ferdsla i tilfelle kontroll.
- Bødalen sameige må sende ei oversikt til nasjonalparkforvaltninga over tal turar, kva dagar de har køyrt og føremålet med køyringa innan 1. november kvart år.

Nasjonalparkstyret gjer elles merksam på at vanleg vedlikehald på sel og fjøs er positivt og bidreg til å oppretthalde det flotte setermiljøet på Bødalsseter. Dersom enkelte grunneigarar ønskjer å *ombygge, utvide eller endre bygningar* må dette handsamast av nasjonalparkstyret jf. verneforskrifta. Dersom det er trong for motorferdsle grunna større vedlikehaldsprosjekt på bygningsmassen på Bødalsseter kan dette søkjast om i eigen søknad.

ST 22/17 Jostedalsbreen nasjonalpark -løyve til tre bygg, uttak av torv, og helikoptertransport til Sunndalssetra - g/bnr 17/3 Andersbruket

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 19.06.2017

Handsaming i møte

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vurderte saka om riving og gjenoppbygging av storselet som utfordrande, og ønskja meir informasjon og utgreiing før styret gjer vedtak om dette bygget. Utgreiinga til neste møte bør innehalde informasjon m.a. om styret sitt heimelsgrunnlag til å seie ja eller nei til nytt storsel, om styret har heimel til å krevje at storselet er ope for ålmenta, korleis tiltakshavar vil informere om utleigemoglegheitene og korleis tiltakshavar vil forplikte seg til utleige.

Endringsforslag frå Einar Målsnes: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre ønskjer eit breiare fagleg grunnlag å vurdere ev gjenoppbygging av Anders Folven sitt tredje bygg (storselet). Nasjonalparkstyret ønskjer innhenting av uttaler frå Fylkeskommunen og Sunndalssetra sameige, samt vente på avgjerda til Miljødirektoratet i DNT-hyttesaka. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve til både Anders-selet, Anders-fjøsen, torvuttak og helikopterferdsle i tråd med søknaden.

Samrøystes vedteke.

Vedtak

I medhald av verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, punkt 1.3, første ledd, gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre med dette løyve til Anders Folven, til byggarbeid på to bygg under G/bnr 17/3 Anders-bruket på Sunndalssetra i Stryn kommune.

Løyvet gjeld rehabilitering av Anders-fjøsen på vilkår av at:

- Fjøset får same tak (bølgeblekk) som har vore på bygningen tidlegare.
- Tremateriale (kledning og sperr) som ikkje trengst å skiftast ut skal brukast vidare. Avgjersla om kva som kan nyttast og ikkje ligg til utførande tømrrar.
- Det skal nyttas same type kledning som er på fjøset i dag.

Løyvet gjeld utviding og rehabilitering av Anders-selet på vilkår av at:

- Selet skal ha same takvinkel og takutstikk som i dag.
- Selet (tømmerkassa) skal ha liggjande kledning, og kjøkken og bod skal ha ståande kledning. Sekundært kan det være motsett. Til kledning skal det nyttas ufalsa, rettskåret kledning av ulik bredde, t.d. 7", 8", og 9".
- Vindauget på langveggen i stova skal ha gjennomgåande sprosser, men være like stort og i same opning som i dag. Det same gjeld for ev vindauge i gavlveggen, dersom det er opning i tømmerkassa (fotodokumentasjon kan sendast forvaltar). Vindauge på kjøkkenet og i inngangspartiet skal ha same storleik og i same høgde som det på langveggen i stova.
- Inngangsdøra skal være midtstilt, med mindre det kan påvisast at gamal inngangsdør ikkje var midtstilt.
- Taket skal være av torv eller av same type (bølgjeblekk) som i dag.
- Trematerial som ikkje trenger å bytast ut skal nyttast vidare, jf. vanleg praksis i kulturminnevernet.

Dette byggeløyve for disse to omsøkte bygga gjeld til og med år 2019. Rapport og bilete vert sendt nasjonalparkforvaltaren ved avslutta prosjekt. Material skal lagrast forsvarleg.

I medhald av naturmangfoldlova § 48 gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til å ta ut torv- og torvmaterial i nærleiken av setervollen til tekking av seltaket. Torva skal takast på ein skånsam måte for terrenget og vegetasjonen. Det skal ikkje nyttast frøblandingar eller torv/jord frå andre plasser enn rundt setervollen.

I medhald av verneforskrifta punkt 4.3 gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til lågtflyging og landing med helikopter på Sunndalssetra på følgjande vilkår:

- Max 8 hiv med helikopter med det føremål å frakte material, verktøy og utstyr inn til setervollen i samband med byggeprosjektet, og til frakt av avfall ut att. Løyve til ev fleire hiv kan avgjerast delegert av nasjonalparksekretariatet.
- Flyginga skal ikkje skje på laurdagar, søndagar, heilagdaggar og på offentlege feriedagar grunna omsynet til friluftslivet.
- Flyginga må koordinerast med andre på Sunndalssetra som også har løyve til helikopterflyging, slik at total motorferdsle blir halde på eit minimum.
- Dagen før planlagt flyging skal Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen (tlf 95 96 38 88) eller underteikna varslast pr. sms eller telefon.
- Flygeløyvet gjeld like lenge som byggjeløyvet.

ST 23/17 Eventuelt

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 19.06.2017

Handsaming i møte

Reguleringsplan i Kjøsnesfjorden

Oddmund Klakegg orienterte om Statens vegvesen sine planar inst i Kjøsnesfjorden, med ein trefelts veg. Det er planlagt ny parkeringsplass for dei som kjem frå Sunnfjord, men dei som kjem frå Sogn får ikkje høve til å parkere (lovleg) for å gå stien til Lundeskaret. Klakegg sa også at det ikkje var planlagt bru over elva, slik som Statens vegvesen tidlegare har forespegla nasjonalparkstyret. Allereie i dag er det ei utfordring å komme seg til stistart for stien mot Lundeskaret, som nasjonalparkstyret har brukt mykje offentlege midlar på å restaurere. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skriv ei sak/sender inn høyringsuttale om dette når planen kjem på høyring.